

Fiskeridirektoratet VestFiskeridirektoratet Vest

Deres ref.	Arkivsakid-doknr:	2013001378 - 35	Saksbeh:		Arkivkode:	Dato:
	Journalpostid:	2016016796	Telefon:	53 65 46 79	K2 - L12	17.10.2016

Melding om vedtatt planstrategi for Odda kommune

Vedlagt følger vedtak.

Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt inne fristens utløp.

Klagen skal sendes skriftlig til den som har truffet vedtaket, angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes, og de grunner du vil anføre for klagen. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kom frem.

Vennlig hilsen
For Samfunnsutvikling



Kristian Bondhus-Jensen
områdeleiar Samfunnsutvikling



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Utviklingskomite	14.09.2016	047/16
Odda kommunestyre	28.09.2016	068/16

Planstrategi for Odda kommune 2016-2019

Dokumentnr	Tittel
304026	Planstrategi 2016-2019
304023	Merknader til planstrategi 2016-2019
304024	Vurdering av innspel til planstrategi 2016-2019
307498	Eldrerådet sin uttale

Rådmannens forslag til innstilling:

1. **Odda kommunestyre vedtar framlegg til Planstrategi 2016 – 2019, datert 02.08.16**
2. **Planstrategien skal følgjast opp årleg i Utviklingskomiteen og i forkant av økonomiplanarbeidet til kommunen.**

Rådmannen i Odda, 02.08.16

14.09.2016 Utviklingskomite

Behandling:

D. Nilsen (A): Dykkerkompetansen / bredskapen i Odda bør styrkast.

Solvi: (A); Off. toalett og oppbevaringsboksar i Odda sentrum må koma på plass.

UTK-047/16 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag vart samr. vedteke.

Innstillinga er.

1. Odda kommunestyre vedtar framlegg til Planstrategi 2016 – 2019, datert 02.08.16
2. Planstrategien skal følgjast opp årleg i Utviklingskomiteen og i forkant av økonomiplanarbeidet til kommunen.

28.09.2016 Odda kommunestyre

Behandling:

Tokheim (V) orienterte til rutinane kring rullering av Planstrategi. Viktig oppgåve for UTK framover inkl budsjettoppfølging og føreslo som tillegg:

"Boligsosial handlingsplan. Oppstart 2017. Innarbeiding i budsjett 2017 "

Solvi (A): Off. toalett i Odda med dusj og oppbevaringsboksar i eksisterande bygg på eksportkaien. Kan det realiserast?

Buer (V): Kven fylgjer opp byantikvaren sitt arbeid - Bymiljø og det estetiske Odda. Status for steinbogebrua på Jordal

Gangeskar (H): Sentrumsplanen for Røldal. Status?

Kollotn (R): Tilleggsforslag .

Ny reguleringsplan for Skjeggedal skal prioriterast høgt , og vere ferdig i 2017 (jmf. oppdatering av eldre planar og tidlegare vedtak i Odda kommunestyre)

Freim (H) permittert kl 10.10. OK er 26 repr ved votering i saka

Adm ved rådmann, (som ba om konkret ilbakmelding på vedtak som ikkje vert følgt opp) plansjef og teknisk sjef svarte på spørsmål inkl. status for overordna ROS*- analyse (Risiko og sårberheitsanalyse)

OK-068/16 Vedtak:

Innstillinga samr.vedteken

Tokheim sitt forslag vart samr vedteke

Kollbotn sitt forslag fekk 3 stemmer og fall med 23 imot

Vedtaket er :

1. Odda kommunestyre vedtar framlegg til Planstrategi 2016 – 2019, datert 02.08.16
2. Planstrategien skal følgjast opp årleg i Utviklingskomiteen og i forkant av

økonomiplanarbeidet til kommunen.

3. Boligsosial handlingsplan. Oppstart 2017. Innarbeiding i budsjett 2017

Saka gjeld:

Planstrategi er eit relativt nytt verktøy i plan- og bygningslova. Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som langsiktig bruk av areal, miljøutfordringar og sektorverksemder.

Den bør vidare omfatte ei vurdering av kommunen sitt samla planbehov i valperioden. I tillegg skal planstrategien omhandle ei særlig vurdering av om gjeldande kommuneplan, eller delar av denne, skal reviderast.

Planstrategien er eit viktig dokument, då den sikrar politisk styring av planarbeida som kommunen utfører.

Økonomiske konsekvensar:

Dei fleste planane kommunen prioriterer å utarbeide vert gjennomført ved bruk av interne ressursar. Enkelte planar, eller deler av planar, må utarbeidast ved hjelp av innkjøp kompetanse. Dette kan vere på grunn av at slik kompetanse ikkje eksisterer i organisasjonen eller at dei interne ressursane ikkje har tid til å gjere jobben.

Rådmannen har gjennom Planstrategi 2016-2019 innstilt på innkjøp av enkelte planar eller deler av planar. Desse framgår av planstrategien (planar som krev finansiering), saman med forventa kostnad. Dersom planstrategien vert vedteken slik den føreligg vil desse kostnadane bli vidareført inn i økonomiplanarbeidet som pågår.

Oppfølging:

Planstrategien i Odda kommune skal følgjast opp årleg i Utviklingskomitéen. Dette vert gjort for å sikre politisk oppfølging og vurdering av framdrift i dei ulike planarbeida. Det vert òg gjort for å førebu økonomiplanarbeidet.

Overordna planar og lovverk:

Plan og bygningslova krev at planstrategien skal rullerast innan eit år etter nytt kommunestyre er konstituert. Arbeidet skal leggje ei rettleiande føring for kommunen sitt planarbeid i valperioden.

Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 vart vedteke av Fylkestinget 11.12.12. Dokumentet peiker på dei viktigaste utfordringane i Hordaland for perioden; skape vekst, handtere veksten, klima, kompetanse og bærekraft, samt kystsona og marine næringar. Regional planstrategi for 2016-2020 er på høyring somaren 2016. Planen har fire hovudmål; høg sysselsetting, inkluderande samfunn, klima- og miljøvenleg utvikling, samt samarbeid i ein sterk vestlandsregion.

Høyring:

Planstrategien var på offentleg ettersyn 21.06.16-01.08.16. Det kom inn 7 merknader. Som ein følgje av dette er det gjort mindre endringar av strategien. Desse er omtala i vedlagt skriv. Merknadane ligg òg vedlagt saka.

Samandrag/ konklusjon:

Vedlagte framlegg til Planstrategi 2016 – 2019 gjev ein god oversikt over prioriterte planarbeid i Odda kommune. Den gjev òg føringar for økonomiplanarbeidet i kommunen. Planstrategien skal følgjast opp årleg av Utviklingskomiteen.